



Fylkesrådmann Rune Haugsdal  
Direktør for opplæring Svein Heggheim  
Hordaland fylkeskommune

**ADMINISTRATIV SAMANSLÅING AV ARNA VIDAREGÅANDE SKULE OG  
GARNES VIDAREGÅANDE SKULE** Viser til vedtak i OPHE den 18.08.2015; sak 58/15  
punkt 1 og 2.

Eg er takksam for at fylkesrådmann Rune Haugsdal tydeleg har uttala at yringsfridomen gjeld for alle. På leiaropplæringa på Hotel Ullensvang den 25. mars 2014 synte han ein interessant og opplysande PowerPoint-presentasjon. På eit av ljosarka stod det:

*«Administrasjonen skal:*

- *Fremme saker som dannar grunnlag for gode beslutningar.*
- *Lojalt sette vedtak ut i live.*
- *Forvalte lover og reglar.*
- *Fatte enkeltvedtak.*
- *Behandle alle politiske parti med respekt, og yte god service.»*

Munnleg la han til at ein kvar administrasjon, som skal sette dei politiske vedtaka ut i livet, ikkje har større verknad på vedtaka enn den vanlege meinigmann på gata.

Dette var gode ord for oss som er i leiinga på Garnes vidaregåande skule. I fylkestinget den 12. mars 2013 vart Skulebruksplanen 2012-2025 (SBP) vedteke. For Garnes vgs vart det ein strålende dag fylt av glede. Framlegget i SBP om nedlegging av det studiespesialiserte tilbudet på Garnes vgs fall i avstemminga. Det vart vedteke at **«ST ved Garnes vgs skal halde fram»**. Alle i skulesamfunnet på Garnes vgs kunne no, etter å ha levd i uvisse i lang tid, puste letta ut. Her var liv laga.

Direktør for utdanning, Svein Heggheim, bekrefta overfor lokalavisa Bygdanytt den 9. sept. 2013 at skulebruksplanen truleg kjem opp til ny handsaming i 2016. I same artikkelen i Bygdanytt står det vidare;

*«Fredet til 2016.*

*Et av vedtakene i skolebruksplanen var at Arna og Garnes vgs. skal slås sammen administrativt. Dette skal skje i perioden 2016-2018, og Heggheim går langt i å si at skolene og studietilbudet er fredet frem til da.*

*— Vi må fortsatt holde et øye med søkermonsteret og se at tilbudet ved skolene er bærekraftig, men i utgangspunktet skjer det ikke noen endring i studietilbudet på de to lærestedene de nærmeste årene, sier han.»*

Men gleda på skulen skulle ikkje vare lenge. Allereie den 5. nov. 2013 vart rektor kalla inn til møte med Birte A. Haugen på Opplæringsavdelinga. Hillevi Runshaug og Annbjørg Laupsa



var til stades på møtet. Her blei rektor orientert om at Opplæringsavdelinga ikkje ville opprette klasse for Vg1 Studieførebuande frå hausten 2014. Rektor måtte då vise til vedtaket i fylkestinget den 12.03.13, og til uttale av direktør for utdanning i lokalavisa Bygdanytt. Alle dei som har *«halde eit auga med søkjemønsteret»* til Vg1 ST på Garnes vgs dei siste åra veit at søknaden til skulen har auka jamt med om lag 20% kvart år etter at SBP vart vedteke. Garnes vgs er den bydelsskulen som har størst prosentvise auke i elevtalet av alle bydelsskular det er rimeleg å samanlikna seg med. Hausten 2015 har vi overboka Vg1-klassene både på studieførebuande programområde og på MK.

Direktør for utdanning, Svein Heggheim, uttaler i lokalavisa Bygdanytt den 9. sept.(sjå over) *«Et av vedtakene i skolebruksplanen var at Arna og Garnes vgs. skal slå sammen administrativt.»* Eg har leita i SBP etter dette vedtaket, men eg må med skam erkjenne at eg finn det ikkje.

Vi har lenge fått høyre at skulebruksplanen truleg kjem opp til ny handsaming i 2016. Difor er det overraskande at Opplæringsavdelinga, utan å kontakte og orientere skulane, har fremja framlegg overfor fylkesrådmannen og vidare til utval for Helse og Opplæring om å framskynde denne prosessen i to distrikt; Arna og Kvam.

### **ARBEIDSMILJØDAGEN**

Det var med stor interesse vi møtte opp på Arbeidsmiljødagen i HFK på Amalie Skram vgs den 17. september. Hovudtema for dagen var **«OMSTILLING»**.

Første post på programmet var halde av omstillingstillitsvalte Sigrid Sve Låstad. Ho sette eit stort fokus på kor viktig det var å **«KLARGJERE KVIFOR OMSTILLING»**.

I paneldebatten seinare i programmet uttala Prosjektrector ved Nye Voss vgs, Svein Inge Styve, om lag det same; **«DET ER VIKTIG I EIN SAMANSLÅINGSPROSESS AT EIN VEIT KOR EIN SKAL.»**

**Ingen frå Opplæringsavdelinga har vore villig til å svare på desse eksistensielle spørsmåla frå skulen. «KVIFOR SAMANSLÅING NO?» og «KVA SKAL SAMANSLÅINGA FØRE TIL?» og «KOR GÅR VEGEN VIDARE ETTER SAMANSLÅINGA?»**

Skulen har fleire gonger vist til side 121 i SBP. Der står det:

#### **«Ein skole - ei lokalisering**

• *Det bør tilstrebast at skolar berre skal ha ei lokalisering (dvs: samlokalisering ved eventuell samanslåing).*

• *Gode alternative skoleanlegg skal tilretteleggjast før samanslåing og nedlegging. Erfaringar frå tidlegare samanslåingar av skolar utan at dei vart fysisk samlokalisert er delvis dårlege. Det er lite å hente ut av økonomiske innsparingar (som har vore det viktigaste føremålet med samanslåingane) og den daglege samorganiseringa av skolane er ikkje god på ein del av dei samanslåtte skolane. Det kan vere mange årsaker at samanslåingsprosessane gjekk galt, men fysisk samlokalisering er ein viktig suksessfaktor.*

*Det er og særst viktig at tilhøva vert lagt til rette i det nye skoleanlegget, før elevar frå ein skole som vert lagt ned flyttar inn.»*



Eg var ass.rektor på Krohnsminde vidaregåande skule i 2003 då Krohnsminde og Bergen Yrkesskule vart slått saman til Årstad vgs, og eg tok til som rektor på Garnes vgs i 2006 då tidlegare Garnes vgs og Arna Gymnas vart slått saman til Garnes vidaregåande skule. Eg har røynsle frå to tidlegare samanslåingar, men eg har kjensla av at dei røynslene eg kan bidra med ikkje er av interesse. Eg sit heile tida med kjensla av at eg ikkje vert høyrd.

### NY VIDAREGÅANDE SKULE

**Det er vedteke at det skal vere ein vidaregåande skule i Arna-regionen.** Då meiner eg som leiar i den vidaregåande skulen i regionen at den prosessen vi er inne i må nyttast til å legge det beste grunnlag for den nye, gode vidaregåande skulen som skal kome.

Dei vidaregåande skulane, Arna og Garnes er ikkje i mot å bli slått saman, men vi er kritiske til manglande informasjon, og til at DIALOG er eit framandord i den pågåande prosessen.

#### I SBP, side 117 kan vi lese:

« Det er ønskeleg med ein større andel kombinerte skular (med robuste fagtilbod), ...»

I Arna-regionen er det nettopp denne typen skule vi er i gang med å planlegge. Se skissa under:



Den framtidige vidaregåande kombinerte skulen vi har skissert i Arna-regionen byggjer på dei programområda vi allereie har på Arna vgs og Garnes vgs. I tillegg har vi plussa på to programområde som Opplæringsavdelinga har flytta vekk frå regionen, men som naturleg høyrer heime her; Kunst, Design og Arkitektur og Restaurant og Matfag. Denne skulen vil gi eit berekraftig, robust og unikt fagtilbod til ungdom. Storleiken på skulen vil ver om lag 650-700 elevar. I tillegg bør det vere rom for å opprette HT-gruppe(r).

**Hausten 2015** har vi hatt tre møte med representantar frå Opplæringsavdelinga om administrativ samanslåing av dei vidaregåande skulane i Arna-regionen. I alle møta vert det vist til skulebruksplanen frå 2012, utan å peike på dei endringane som vart vedteke i Fylkestinget den 12. mars 2013. Hovudinnhaldet i kvart møte har vore å sette opp ei møteplan for samanslåingsprosessen. Vi får ikkje svar på: **Kvifor?, kva? og kor?**

Etter at skulebruksplanen blei vedteken våren 2013 har Opplæringsavdelinga hatt det eine utspelet etter det andre i forhold til Garnes vgs sin rett til eksistens. Eg har allereie nemnd møtet på Opplæringsavdelinga den 5. nov. 2013.



- **Våren 2014:** Framlegg om ein Vg1 klasse på ST frå hausten 2014, trass i stor søknad til programområdet. 40 elevar vart tekne inn i ein klasse, 26 elevar sto på venteliste.
- **Våren 2014:** Leiargruppa vart kalla inn til «PROGNOSEMØTE». Da dukka plutselig J.J. Meyer frå Personalavdelinga opp. Han vendte seg til leiargruppa og uttalte omlag slik; «Dere skal vite at vi er her for dere. Ikke vær redd for å ta kontakt!»

Ein av avdelingsleiarane sa etter dette møte: *«Vi følte alle at vi ble sagt opp.»* Etter møtet sto vi att med spørsmålet om kva rolle J. J. Meyer frå Personalavdelinga har på eit prognosemøte om inntaket til skulen.

## **PLASSERING AV PROGRAMOMRÅDE**

### **Kunst, Design, Arkitektur (KDA)**

I tillegg til å vere den eldste skulen i landet var Garnes òg den mest vidgjetne formgjevningsskulen i HFK før Kunnskapsløftet innførte strukturelle endringar i dette programområdet. Garnes vgs hadde stor søknad og dyktige fagfolk. Av uforståande og ikkje uttala årsaker vart tilbodet teke vekk frå Garnes vgs og oppretta på Tertnes vgs etter at Kunnskapsløftet vart innført. Garnes hadde då vore pådrivar for dette fagfeltet i 110 år. Tertnes vgs (Åsane Gymnas) hadde aldri hatt programområdet ved skulen. Trass i dette valte Opplæringsavdelinga den uventa plasseringa av tilbodet. Denne feilen frå 2009 er det no mogleg for Opplæringsavdelinga å retta opp ved å fremja for Fylkesrådmannen at det nye tilbodet innanfor formgjevingsfag bør plasserast på Garnes vgs. Det er her i Arna-regionen formgjevingsfaget og tekoindustrien i Noreg har si vogge. **Her bør det nye KDA-tilbodet liggje.**

### **Medium og kommunikasjon(MK)**

Garnes vgs har alltid vore innovativ i utviklinga av MK-faget. Lærarar frå andre skular har fleire gonger spurt skulen om opplæring i ny programvare som skulen brukar i undervisninga, eller som skulen sjølv har utvikla. På Nordahl Grieg vgs har dei motteke ein pris for å bruke dataspel i undervisninga. På Garnes vgs utarbeidar elevane sine egne dataspel.

**Våren 2015** vart leiargruppa invitert til møte på Opplæringsavdelinga. Det kom som eit sjokk på skulen at Opplæringsavdelinga nok ein gong ønskte å leggje ned eit optimalt fungerande programområde ved skulen. Denne gongen heile MK-avdelinga. Nok ein gong tok Opplæringsavdelinga til orde for å leggje ned eit populært programområde ved Garnes vgs for å opprette det ved ein annan skule som aldri har hatt programområdet tidlegare.

Dersom Garnes hadde drevet ei MK avdeling utan mål og meining kan vi forstå at Opplæringsavdelinga ønskjer å endre dette tilbodet, men slik er det ikkje. Den mest innovative MK-avdelinga i HFK er på Garnes og her bør den fortsetje å bli verande. Einaste oppgitte grunn til oss om at Opplæringsavdelinga ønskte å opprette MK på Amalie Skram vgs og behalde tilbodet på Nordahl Grieg er nærleiken til det nye Mediehuset i Bergen. Men dette er feile opplysingar. Det tek elevane frå Garnes ca. 15 minuttar med buss og tog til Bergen, mens det tar minst 35 minuttar med bybane frå Lagunen til Bergen. Når dette er einast argument for å leggje ned MK tilbodet på Garnes vgs så er det hermed tilbakevist. Argumenta held ikkje mål.



**Det er vedtak på at det skal vere ein vidaregåande skule i Arna-regionen.** Då er det viktig at dei to vgs skulane i regionen får bruke tida si på å planlegge den nye storskulen som skal kome, og at Opplæringsavdelinga støttar oss i arbeidet. Det er viktig at skulane ikkje får redusert programområdetilboda som i dag finns i Arna-regionen. For Garnes vidaregåande skule er det særskild viktig å halde fram med **MK**, og at **KDA** frå hausten 2016 vert lagt til Garnes vidaregåande skule.

Garnes vidaregåande skule jobbar etter dei oppsette måla som ein kan lesa på skjermen når ein slår på PC-en. ***Vi er ein pådrivar for utvikling og verdiskaping. Vi prioriterer og set høge mål.***

Andre dagar dukkar følgjande melding opp: ***«Alle som kjem i kontakt med fylkeskommunen skal oppleve å bli høyrd og teke vare på av engasjerte og dyktige medarbeidarar.»*** Dette er eit framtidsretta mål som vi alle i fellesskap må arbeide for å nå. Det er difor med stor von eg sender dette brevet.

Garnes, 29. september 2015.

Venleg helsing

Aud Åsne Kvamme  
rektor